

Referat frå styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 12. januar 2012 i Vindafjordhallen Kl. 19.30

Desse møtte: Severin Fatland, Kristin Ove Skare, Anne Nesheim Myhre, Alf Egil Vaula, Per Fatland, Magne Skrunes og Jon Olav Velde.
Hilde Fadnes Hølland kunne ikkje møta.

Anita Nygård Kristiansen møtte under sak 1.

Sak 1. Opplevelses-/sansepark ved Vindafjordtunet.

Anita Nygård Kristiansen bur like ved Vindafjordtunet i Nedre Vats. Ho orienterte om planane ho hadde om å gi bebuerane ved Vindafjordtunet eit opplevelses- og aktivitetstilbod. Her ligg eit 3,5 dekar stort område som er til offentleg formål. Ho har teke kontakt med leiaren på Vindafjordtunet, Solfrid Vågen som er svært positiv til initiativet.

Fordeler med slik park: dempe uro, minske stress, få i gong kommunikasjon mellom bebuerane og med tilsette, auka fysisk aktivitet, sjå på fuglar og smådyr, lesa avisa på ein benk m.m.

I dag er det ein liten inngjerda sansehage i tilknytning til dementavdelinga – denne er god for desse, men denne sansehagen er lite i bruk av dei andre avdelingane.

Anita har også hatt kontakt med Knut Ove Langeland hos Krogstad utemiljø og henta inn prisar på opparbeiding av ein sansepark. Det må planerast, opparbeidast asfalterte vegar for rullestolvbrukerar, plantast til med ulike tre og buskar, lagast paviljong m.m.

Ho har også hatt kontakt med kommunen om dei er villige til å finansiera ein slik park. Kommunen har ikkje teke stilling til dette – det må i tilfelle innarbeidast i det kommunale budsjettet. .

Det kostar ein god del å opparbeida området og å halda dette vedlike etterpå.

Vedtak: Vats Grendautval ser svært positivt på dette initiativet og støttar henne i å gå vidare med planane sine.

Når det gjeld planlegging og det økonomiske ved dette prosjektet, er det ei sak som må avklarast med kommunen. Området er på kommunal grunn.

Grendautvalet kan hjelpa til med å bringa saka inn til kommunen.

Sak 2. Høyringsdokument for Kulturminne og Kulturmiljø i Vindafjord.

Grendautvalet har gjort seg kjent med innhaldet i kulturminneplanen og er svært glad for at viktige kulturminne i kommunen blir registrert, synleggjort og teke vare på for framtidige generasjonar.

Vedtak: Vats Grendautal synes planen er god og fyldig og omfattar eit stort spekter av kulturminne.

Grendautvalet ynskjer å få med tidlegare arbeidsplasser som nå er historie: Kva med å registrera gamle gruver i kommunen. I Vats har me fleire gruver som fortel om gruveaktivitet på 1800 og 1900-talet. Me kan nemna: Thorsgruva, Sørhusgruva, Krakkanutgruva og fleire glimmeruttak. I Skjold er det også gruver.

Sak 3. Orientering om arbeidet i Aksjon Vatsvassdraget.

Det er mykje som skjer på tiltakssida: Dette til orientering.

Møte 30. nov. 2011: Synfaring på gardane og ope orienteringsmøte om kvelden i Vindafjordhallen:

- a. **Møte på dagtid** med bønder og fagfolk frå Jæren vassdrag – Olav Husvegg og Olaf Gjedrem + Nono Dimby frå fylkesmannens miljøavd., Harald Olav Stuhaug frå Vindafjord kommune, Torbjørn Ruud frå Haugaland Landbruksrådgeving, Andreas Lundegård som leiar i Vats bondelag, Harald Velde som koordinator + Åsmund Kalstveit og Jon Olav Velde frå Grendautvalet.

Syfaring på fleire gardar angående bygging av renseparkar.

Bøndene synte interesse og var positive til slike tiltak.

- b. **Møte på kveldstid i Vindafjordhallen.**

Her møtte mange bønder/grunneigerar + fagfolka som er nemnde under pkt. a.

God informasjon og bra diskusjon etterpå.

- c. **Møte med Fylkesmannen 9. januar:**

Koordinator Harald Velde var hos fylkesmannen og drøfta vidare satsing.

- d. **Møte i gruppa for Aksjon Vatsvassdraget på kveldstid 16. jan.**

Gruppa for Aksjon Vatsvassdraget skal ha eit strategimøte.

- e. **Møte med bønder/grunneigerar på dagtid 1. februar.**

Nytt møte med grunneigerar og fagfolka for å evt. gjera avtalar om tiltak på gardane.

Sak 4. Orientering om reguleringsplan for sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus.

- a. Jon Olav har arbeidd mykje med dette. Han har hatt kontakt tidlegare ordførar Arne Bergsvåg, orientert den nye fylkesordføraren Janne Johnsen, hatt møte med lokale firma for sponing av utgifter til reguleringsplan, har hatt kontakt med rådmannen og ordførar Ole Johan Vierdal om denne saka. Teknisk sjef i kommunen, Tor Gunnar Skaar har saman med leiinga i kommunen fått saka vidare på sakskartet til Statens vegvesen. Dette er ein fylkesveg og må vidare opp i Rogaland fylkeskommune..
- b. Vindafjord kommune og Statens vegvesen hadde møte med 29.11.11 i Haugesund bl.a. der reguleringsplanen om sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus var teke opp under sak 7..
- c. Søknad til VAF om stønad til utg. til reguleringspla. Grendautvalet sende søknad, men denne vart avslagen fordi VAF støttar ikkje prosjekteringssaker.

Sak 5. Orientering om arbeidet med veg- og gatenamn i Vats.

Jon Olav har etterlyst kva kommunen har gjort med denne saka og fått dette svaret:

Det er sett av 500 000 kr i 2011/12 til dette prosjektet der ein skal finna namn og eksakte adresser til alle i kommunen. I vedtaket står det at grendautvala skal kontaktast og inviterast til å vera med på dette arbeidet.

I 2013 og 2014 skal det setjast av 2 millionar kr til skilt og liknande. Prosjektet skal etter planen vera ferdig i 2014

Sak 6. Orientering om veglysprosjektet langs sykkel- og gangstien v/E 134 frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen.

Jon Olav har hatt kontakt med teknisk sjef, Tor Gunnar Skaar om å få setja av pengar til dette lysprosjektet. Tor Gunnar vore positiv til prosjektet og har fått sett av 600 000 kr på budsjettet til Statens vegvesen til formålet.

Endeleg svar på dette kjem i februar/mars.

Tor Gunnar Skaar har lova å setja fortgong i arbeidet og vil ta kontakt med Haugaland Kraft om å få dei til å levera og setja opp lysmastene når alt er klarert. Dermed kan ein få fullført lysprosjektet langs heile sykkel- og gangstien frå Knapphus til Aurdalsvegen som er opparbeidd på dugnad av bygdefolket

Sak 7. Orientering om samrådsmøte om vindkraftparkane på Døldarheia og på Bukkanibba i Ølensvåg 9. jan. 2012 i Vindafjordhallen.

Haugaland Kraft som har ansvar for Døldarheia vindkraftpark, og Lyse produksjon som har ansvar for Bukkanibba vindkraftpark, kalla inn til eit samrådsmøte for å få inn ulike tilbakemeldingar om prosjektet.

Her møtte mange ulike lag og foreningar + Vindafjord kommune og grunneigarlaget.

Det var ein informativ kveld der ulike synspunkt kom fram – både positive og negative konsekvensar for eit slikt stort prosjekt kom fram.

Det blir i alle fall store inngrep i naturen, spesielt i anleggsperioden med vegbygging og lignende. Sansynleg at mastene blir frakta frå Raunes og inn til Gjerdesdalen og så opp til Døldaren

Behandlingane av kraftverka går sin gong med konsekvensutgreiingar og søknader om konsesjonar.

Sak 8. Avkasting frå Døldarheia vindkraftverk til allmennyttige formål i bygda.

Grendautvalet har tidlegare i styremøte av 13. jan. 2011 i sak 2 teke opp om kraftverket kunne gi ein del kompensasjon til allmennyttige formål i bygda t.d . til Vindafjordhallen eller lag og foreningar.

Grendautvalet utfordra kommunen i særskriv til å ta dette med i sine forhandlingar med kraftverket. Grendautvalet sende også særskriv til Norges vassdrags- og energidirektorat om denne saka under høyringsutalen.

Rådmannen skal svara kva som er gjort om ikkje lenge.

Vedtak:

Vats Grendautval ynskjer å få gjera ein avtale om ein årleg sum frå Døldarheia vindkraftverk kan gå til fordeling til lag og foreningar i bygda.

Fokus Sandeid og Vats Grendautval kjem til å følgja denne saka vidare.

Sak 9. Vats vassverk – kloring og ledningskapasitet.

Jon Olav har hatt kontakt med teknisk sjef Tor Gunnar Skaar om desse sakene:

a.Kloring av vatnet.

Det syner seg at vassforbruket til abonnentane + auke i aktivitetane til ulike bedrifter og auka bemanning hos AF Decom på Raunes har ført til stort vassforbruk. Dette har ført til altfor stor belastning på rensfiltra til å behandla det store vassforbruket i periodar. Normalt er ikkje forbruket for stort for rensfiltra, men grunnen til det store forbruket skuldast også svært stor lekkasje på nettet. Derfor får rensfiltra problem periodevis.

Det blir jobba med å finna kor desse lekkasjane er. Hadde desse lekkasjane blitt funne og tetta, så er det stor nok kapasitet på rensesfiltra. Filtra skal nå skiftast ut.

b.Vassledningskapasiteten til Stokkafeltet.

Tor Gunnar Skaar vil sjå på dette og måla kapasiteten til ledningsnett.

Det vil bli sett opp ein ”målestasjon” for å registrera dette.

Sak 10. Orientering om ”Ut på tur” 2012 i alle 9 bygdene i Vindafjord.

Jon Olav som er med i den kommunale turkartgruppa, har føreslått at dette året blir **Tordisnuten i Stokkadalen** turmålet i Vats med start på Tjeltveit. (I 2011 var det Ørnaberget i Øvre Vats som var turmålet i Vats – med om lag 500 noteringar).

Jon Olav skriv litt om denne turen i den kommunale brosjyren som blir delt ut før påske. Turstien opp til Tordisnuten er rydda, merka og skilta og startar ved god parkeringsplass hos grunneigar Olav Tjeltveit.

(Speidrane har også denne turen i sitt Nutafantopplegg.)

Sak 11. Gatelys frå Kårhuskrysset til Sørbøfeltet i Nedre Vats.

Dette er eit mørkt felt på sykkel- og gangstien som det manglar lysmaster på.

Vedtak: Vats Grendautval tek kontakt med Vindafjord kommune om det let seg gjera å få opp nokre lysmaster på strekningen frå Kårhuskrysset og litt forbi Sørbøfeltet langs sykkel- og gangstien.

Sak 12. Møteplan for våren og hausten 2012. .

Torsdag 22. mars.

Torsdag 3. mai

Torsdag 14. juni

Torsdag, 13. sept.

Torsdag 8. nov.

Alle møta blir i Vindafjordhallen kl. 19.30

Øvre Vats 13. januar 2012

Jon Olav Velde

- leiar/skrivar-